

## Støtte- kontakter

Barnevern- og sosialtenesta i Skodje treng fleire støttekontakter til barn og unge og til vaksne som treng støtte og hjelp. Vi søker etter folk som er over 18 år og som disponerer bil. Menn blir spesielt oppmoda til å søkje.

Dei som vert engasjert som støttekontakt skal bidra til å skape ei aktiv og meningsfull fritid for brukaren ved å ta han/henne med i sosialt samvær og på ulike fritidsaktivitetar. Dersom du trur dette kan vere noko for deg, gir vi deg gjerne meir informasjon. Løn etter gjeldande satsar.

Ta kontakt med einingsleiar Marit Heggen Stokke, tlf. 70 24 40 32.

## Søkjer etter husvære

Skodje kommune søker etter husvære for personar som er under oppfølging av sosialtenesta. Vi har behov for leilegheit for ein einsleg person og hus/leilegheit for ein familie på to vaksne og fire barn.

Ver venleg å ta kontakt med sosialkonsulent Anne Marie Engeset på tlf 70 24 40 35 dersom de har noko til utleige.

## Ordføraren vil ha deg i tale

Ordføraren ønskjer å komme i ein nærare dialog med innbyggjarane i kommunen, og vil derfor bli å treffe på Kroa på ledige laurdagar frå kl. 13. Ordføraren håper at mange vil nytte dette høvet til å komme med synspunkt eller slå av ein prat om det ein har på hjartet.

## Eit år i Afrika?

**Skodje kommune har inngått ny avtale med Fredskorpset om utveksling av personell med vennskapskommunen Voi i Kenya. To personar mellom 22 og 35 år får sjansen til å reise frå Skodje til Voi, og to personar kjem frå Voi til Skodje i løpet av den komande toårsperioden. Dette er eit tiltak som er fullfinansiert gjennom Fredskorpset. Kanskje er nettopp du den vi er ute etter?**

Vi søker etter sjølvstendige og initiativrike personar mellom 22 og 35 år som ser ei utfordring for seg sjølv i det å arbeide eit år i Afrika, og som ser verdien i det vennskapet som er utvikla mellom vennskapskommunane Voi og Skodje. Kvar person som blir utveksla vil først gå gjennom eit førebuaende kurs på ein måned, og skal deretter bu og arbeide 10 månader i Voi. Etter opphaldet er det sett av ein måned til etterarbeid der ein skal tilbakeføre til eige lokalsamfunn dei erfaringane ein har gjort. Også undervegs i opphaldet blir det forventa utstrekt kontakt med eige lokalsamfunn gjennom heimeside og andre kanalar. Livsopphald og løn vil bli dekt gjennom avtalen med Fredskorpset. Skodje kommune vil stå som ansvarleg arbeidsgjevar for alle som blir utveksla.

Den eine personen som blir utveksla frå Skodje til Voi vil vere knytt til den kommunale tekniske avdelinga i Voi. I den forrige utvekslingsperioden var søppelhandtering eit sentralt emne, og det er ønskjeleg at dette blir følgt opp også i denne runden. Andre emne er

informasjonsteknologi og evt. også utvikling av turisme og gruvedrift i området rundt Voi. Ønska kompetanse hos denne personen er teknisk utdanning, gjerne som ingeniør.

Den andre personen som blir utveksla skal arbeide i sosialtenesta/helsevesenet i Voi, og skal fortrinnsvis arbeide opp i mot ungdom og kvinner. Sentrale emne er HIV/AIDS-problematikk, rådgjeving til foreldre med funksjonshemma barn og problematikken rundt gatebarna i Voi. Vi søker etter ein person med sjukepleieutdanning eller anna helse-/sosialfagleg bakgrunn.

Arbeidsoppgåver må til ein viss grad tilpassast kvalifikasjonane til dei aktuelle kandidatane, og vi ønskjer å vere fleksible for å få til ei god utveksling.

For meir informasjon, sjå [www.skodje.kommune.no](http://www.skodje.kommune.no), eller ta kontakt med Synnøve Vasstrand Synnes i Skodje kommune, tlf. 70 24 40 13 eller e-post: [synnove.vasstrand@skodje.kommune.no](mailto:synnove.vasstrand@skodje.kommune.no)

**Søknadsfristen er sett til 1. september 2006.**

## Brøyting

Dei som ønskjer å få sin private veg brøytta av Skodje kommune, kan søkje Skodje kommune om dette innan den 15.09.06.

Vegane skal vere over 50 meter, og ha snuplass i ende av vegen.

Søknadsskjema finn ein på på kommunen sine nettsider [www.skodje.kommune.no](http://www.skodje.kommune.no), eller ein kan vende seg til Servicekontoret på rådhuset.

## Brøyttarar

For vinteren 2006/2007 søker Skodje kommune etter brøyttarar til kommunale og private vegar i Skodje kommune. Det gjeld 1 rode på Stette, og 2 roder i Skodjebygda.

Dei som er interesserte i å brøyte for kommunen kan ta skriftleg kontakt med Skodje kommune, teknisk avdeling innan 15.09.06.

### Legevakt

Frå 20. juni vart formidlinga av telefonar utanom opningstida for legevakta på Sjøholt omdirigert til AMK ved Ålesund sjukehus. Dei som henvendar seg til legevakta vil ikkje merke anna skilnad enn at dei på natt og på helg utanom opningstida vil få ei ny stemme i telefonen. Ein kan framleis nytte det same nummeret til legevakta, tlf. 70 27 03 00. Om det hastar skal ein nytte direktenummeret til AMK, som er 113.

### Støy

Kommunelegen får av og til henvendingar frå folk som er uroa og plaga av sjenerande støy.

Kommunelegen finn det difor naudsynt å minne om «Lov om helligdager og helligdagsfred». Der står i § 3 om Helligdagsfred:

*«På helligdag fra kl 00 til kl 24 samt påske-, pinse- og julaften etter kl 16 skal det være helligdagsfred som ingen noe sted må forstyrre med utilbørlig larm.»*

I § 6, om straff står det:

*«Den som forsettlig eller uaktsomt overtrer §§ 3 til 5 i denne lov, eller bestemmelser gitt i medhold av disse paragrafene, straffes med bøter. Medvirkning straffes på samme måte.»*

I «Lov om 1. og 17. mai som høgtidsdager» står det i § 1:

*«1. og 17. mai er høgtidsdager og skal være jamstelt med søndager.»*

Eg finn å måtte minne om dette, ikkje for å nytte «riset bak speilet», men fordi vi bør ha gjensidig respekt for kvarandre. Kva vi gjer på desse dagane som ikkje uroar andre får verte kvar einiskild si sak, men bruk av t.d. motorsag, grasklippar og grave-maskin er klart i strid med lovgjevinga.

### Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ut ca. 15. desember. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 6. desember.

## Skatteoppkrevjaren informerer

### Skatteoppgjær juni (PSA 2005)

Restskatt 2005 2. termin forfell til betaling 25.09.06.

Det ordinære skatteoppgjæret for 2005 vert utlagt 6. oktober.

Restskatt under kr 1.000,- forfell til betaling 27. oktober.

Dersom restskatten er over kr 1.000, vert kravet delt i 2 terminar med forfall 26.10. og 01.12.06.

Dersom skattekravet må tvangsinnfordrast kan gebyr påreknast etter fylgjande satsar:

- Varsel om utleggsforretning: kr 1.806,-
- Utleggsgebyr: kr 2.236,-
- Ytterlegare gebyr ved tvangsrealisasjon.

Skattyttarar med beløp til gode vil få dette utbetalt i veke 41.

Skatteliste skal ligge på [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no) og på likningskontoret i tre veker i samband med skatteoppgjæret i oktober.



### Dette skjer

#### Røde Kors-kafé

Røde Kors-kaféen held til på Jentekolonien, og er open kl 11.00 - 15.00 annankvar onsdag. D.v.s. på desse datoane:

30. august  
13. og 27. september  
11. og 25. oktober  
8. og 22. november  
6. desember

Hjarteleg velkomen!  
Besøktstjenesten

#### Skodje Pensjonistlag

Skodje Pensjonistlag er eit aktivt lag med over 70 medlemmer. Laget arrangerer kulturkveldar og turar m.v.

Møteplan for hausten 2006:

Torsdag 28. september:  
Fellesmøte med eldrerådet

Torsdag 26. oktober og torsdag  
30. november: Møter

Fredag 15. desember:  
Juletilstelling på Skodjekroa kl. 18.00  
(Pris: kr 200,-)

Møta vert haldne på Skodje bedehus kl. 17.00 om ikkje anna er bestemt.

Vi ønskjer gamle og nye medlemmer hjarteleg velkomne til hyggjeleg samvær.

#### Vårsol

Hei, alle jenter på Skodje!  
Har du lyst til å vere med i «Vårsol» barneforening?

Etter ferien startar vi tysdag 29. august, og har barneforening annankvar tysdag i bedehuset.

Kl. 17.00 - 18.30:  
Frå 5 år til og med tredje klasse

Kl. 18.30 - 20.30:  
Frå 4. klasse til og med 8.klasse

Datoar:

29. august  
12. og 26. september  
10. og 24. oktober  
7. og 21. november  
5. desember - førjulsfest med foreldre og søsken

Programmet er enkelt: Vi har andakt, song, opplesing, hobbyarbeid, ei lita utlodning og mat til slutt.

Leiurarar:

Solborg Brandal, Edel Holmen,  
Elisabeth Stokken og Kårhild Ramstad.

Velkomen!

"Kommunenytt" er utgitt av Skodje kommune, og blir distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Redaksjon og layout: Jarl Anders Moe og Knut Berg. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



## SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35  
postmottak@skodje.kommune.no | [www.skodje.kommune.no](http://www.skodje.kommune.no)